



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

27.09.2024

Vår ref:

2024/11900

Dykkar dato:

08.08.2024

Dykkar ref:

202319382

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til søknad om uttak av grunnvatn ved Fjordselva (Førdeelva) i Førde i Høyanger kommune

Statsforvaltaren ber NVE vurdere korleis eit grunnvassuttak ved Fjordselva (Førdeelva) kan påverke elva nedstrøms, og at eventuelle konsekvensar for sjøaureproduksjonen blir utgreidd.

Vi viser til høyringa av konsesjonssøknad for uttak av grunnvatn til oppdrettsføremål i Førde i Høyanger kommune, og til e-post med stadfesting på utsett svarfrist.

Bakgrunn

Osland Genetics har eit stamfiskanlegg for regnbogeaure på Oslandsøyra i Høyanger kommune. Anlegget har behov for ei meir stabil løysing for vassforsyninga si, då dei planlegg å ha stamfisk på land større delar av året for å sikre tilgang til rogn heile året. I tillegg har dei teke i bruk eit nytt inkubasjonssystem, singelinkubering, som krev meir vatn. Tiltakshavar vil ta ut grunnvatn frå Førde, sidan noverande vasskjelde er for liten og ustabil for framtidig planlagt produksjon. Søknaden gjeld uttak av inntil 70 l/s (4,2 m³/min) grunnvatn på gbnr. 20/1 frå to brønnar i lausmassar like ved Fjordselva i Førde. Vatnet skal først via sjøleidning frå Førde til Osland Genetics sitt anlegg på Oslandsøyra.

Konsesjonssaka etter vassressurslova gjeld vassuttaket, medan Høyanger kommune handsamar vassleidninga etter plan og bygningslova.

Våre merknader

Fjordselva (Førdeelva) har bestand av sjøaure, og det er òg påvist førekomst av laks. Elva blei prøvefiska i 2013, på eit stasjonsnett frå tidlegare undersøkingar i 1996 og 2004 (sjå rapport [Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, rapport nr. 3 – 2015, s. 55-58](#)). Det blei registrert høg tettleik av aure på alle dei tre stasjonane, og den nedste stasjonen, som ligg nedafor dei planlagde grunnvassbrønnane, blei vurdert til å ha dei beste gytetilhøva.

Vassføringa i Fjordselva er sterkt redusert etter vasskraftutbygginga. Planlagt uttak av 70 liter/sekund er dobbelt så høgt som lågvassverdien i vinterperioden (5-persentil). Det er vist i den hydrogeologiske modellen i søknaden at 40-60 prosent av brønntuttaket vil vere basert på infiltrert vatn frå elva, men det går ikkje fram korleis elva nedstrøms kan bli påverka. Vi ser at søkar meiner

E-postadresse:
svf@post.statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vi
Org.nr. 974 760 665



at grunnvassuttaket ikkje vil påverke akvatisk miljø, men det uklart om det er fordi uttaket ikkje vil påverke elva, eller om det er lagt til grunn at det ikkje er liv i elva som skal ivaretakast.

Vi ber NVE vurdere korleis brønnuttaket kan påverke vassføringa i elva nedstraums, og at eventuelle konsekvensar for sjøauren blir utgreidd i tråd med naturmangfaldlova § 8 om kunnskapsgrunnlaget. Eventuelle konsekvensar for sjøauren vil kome i tillegg til konsekvensane av vasskraftutbygginga, jf. naturmangfaldlova § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning.

Vi har elles ikkje avgjerande merknader til tiltaket.

Med helsing

Joachim Holmøyvik
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Høyanger kommune
Vestland fylkeskommune

Postboks 159
Postboks 7900

6991
5020

HØYANGER
BERGEN